

## KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/10/15

av 20. august 2008

**om endring av vedtak 2005/59/EF med omsyn til dei områda der planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin skal gjennomførast i Slovakia***[meldt under nummeret K(2008) 4428]***(Berre den slovakiske teksta er gyldig)**

(2008/686/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 16 nr. 1 og artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved kommisjonsvedtak 2005/59/EF<sup>(2)</sup> vart dei planane godkjende som Slovakia la fram 31. august 2004 for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i dei områda i Slovakia som er oppførte i vedlegget til det nemnde vedtaket.
- 2) Slovakia har no meldt frå til Kommisjonen om den nyaste utviklinga av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i denne medlemsstaten. I lys av dei epidemiologiske opplysningane som er tilgjengelege, bør dei tiltaka som er fastsette i planen for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin, utvidast til å omfatte distrikta Rimavská Sobota, Nové Zámky, Levice og Komárno.

3) Av omsyn til klarleiken i fellesskapsregelverket bør vedlegget til vedtak 2005/59/EF bytast ut med teksta i vedlegget til dette vedtaket.

4) Vedtak 2005/59/EF bør difor endrast.

5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedlegget til vedtak 2005/59/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til Republikken Slovakia.

Utfërda i Brussel, 20. august 2008.

*For Kommisjonen*

Androulla VASSILIOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 224 av 22.8.2008, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 1/2010 av 29. januar 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 19 av 22.4.2010, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2007/729/EF (TEU L 294 av 13.11.2007, s. 26).

<sup>(2)</sup> TEU L 24 av 27.1.2005, s. 46. Vedtaket sist endra ved vedtak 2008/88/EF (TEU L 28 av 1.2.2008, s. 34).

*VEDLEGG*«*VEDLEGG*»**1. Område der planen for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin skal gjennomførast**

Territoriet som høyrer inn under veterinær- og næringsmiddeladministrasjonen i Žiar nad Hronom (medrekna distrikta Žiar nad Hronom, Žarnovica og Banská Štiavnica), Zvolen (medrekna distrikta Zvolen, Detva og Krupina), Lučenec (medrekna distrikta Lučenec og Poltár) og Veľký Krtíš (medrekna distriktet Veľký Krtíš), Komárno (medrekna distriktet Komárno), Nové Zámky (medrekna distriktet Nové Zámky), Levice (medrekna distriktet Levice) og Rimavská Sobota (medrekna distriktet Rimavská Sobota).

**2. Område der planen for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin skal gjennomførast**

Territoriet som høyrer inn under veterinær- og næringsmiddeladministrasjonen i Žiar nad Hronom (medrekna distrikta Žiar nad Hronom, Žarnovica og Banská Štiavnica), Zvolen (medrekna distrikta Zvolen, Krupina og Detva), Lučenec (medrekna distrikta Lučenec og Poltár) og Veľký Krtíš (medrekna distriktet Veľký Krtíš), Komárno (medrekna distriktet Komárno), Nové Zámky (medrekna distriktet Nové Zámky), Levice (medrekna distriktet Levice) og Rimavská Sobota (medrekna distriktet Rimavská Sobota).»

---